



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Nye leigde lokaler til Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal

Samandrag:

IKAMR har behov for nye og meir eigna lokale for å sikre forsvarleg drift av arkivdepottenesta på vegner av eigarkommunane. Dagens lokale har kapasitetsutfordringar og tilfredsstiller ikkje fullt ut krav i arkivregelverket og arbeidsplassregelverket. Samstundes går gjeldande leigeavtale ut i juni 2027.

Representantskapet vedtok 17.04.2026 i sak 05/26 å starte ein konkurranse om nye leigde lokale i Ålesundsregionen. Kommunestyret skal ikkje ta stilling til val av bygg eller leverandør, men til om kommunen sin representant skal ha mandat til å støtte vidareføring av prosessen innanfor dei økonomiske rammene som er lagde til grunn.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek saka om nye leigde lokale til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) til vitande.

Kommunestyret legg til grunn at ny kontingent og depotleige ikkje skal overstige IKA sitt kostnadsestimat jf. tabell i vedlegg - Søre Sunnmøre kontingent og depot. Ved vesentlege avvik skal saka leggjast fram for kommunestyret til behandling.

Kommunestyret legg til grunn at vidare behandling skjer i representantskapet i samsvar med gjeldande regelverk og selskapsavtalen for IKAMR.

Vedlegg:
Vedlegg IKA Økonomi

Saksopplysninger:

IKAMR forvaltar arkivdepotfunksjonar for eigarkommunane og er avhengig av eigna og godkjende lokale for å oppfylle krav etter arkivregelverket.

Representantskapet vurderte saka som tidskritisk i april 2026. Bakgrunnen var mellom anna at dagens leigeavtale går ut i juni 2027, bygget er lagt ut for sal, depotkapasiteten er pressa og det ligg føre dokumenterte avvik. IKAMR har opplyst at depotmagasina er om lag 82 prosent fulle, og at det kan oppstå mottaksstopp frå slutten av 2027 dersom ny løysing ikkje kjem på plass.

IKAMR kunngjorde 25.06.2026 ein konkurranse om nye leigde lokale. Anskaffinga omfattar ei samla løysing med prosjektering, finansiering, bygging eller ombygging, leigeavtale og FDVUS-/vaktmeister tenester. Lokala skal vere lokaliserte i Ålesundsregionen og omfatte både arkivdepot, kontor- og driftsareal.

Konkurransen blir gjennomført som konkurranse med forhandling og skal vurderast etter beste forhold mellom pris og kvalitet. Tildelingskriteria er pris (50 %), prosjektutforming og kvalitet (30 %) og nøkkelkompetanse/oppgåveforståing (20 %).

Kommunedirektøren viser til at IKAMR i brev av 07.05.2026 orienterte eigarkommunane om oppfølginga av representantskapet sitt vedtak i sak 05/26. I brevet vart det mellom anna peika på at:

- eigna lokale er ein føresetnad for vidare drift av selskapet.
- vidareføring i dagens lokale kan føre til auka kostnader som følgje av mellom anna behov for utbetringar, marknadsleige, HMS-forhold og behov for meir areal.
- eigarkommunane må få eit best mogleg grunnlag for å vurdere kva løysingar som samla sett gir forsvarleg økonomi og lågast mogleg risiko.

Kommunedirektøren viser vidare til at IKAMR i brev av 26.06.2026 orienterte eigarkommunane om at konkurransen var lyst ut, og at det var risiko for at nye lokale ikkje ville vere klare innan utløpet av gjeldande leigeavtale. I brevet vart det opplyst at selskapet derfor hadde starta forhandlingar med dagens utleigar om ei mellombels forlenging av leigeavtalen med 12 månader, samstundes som alternative mellombelse lokale vart vurderte.

IKAMR opplyste vidare at det, uavhengig av kva mellombels løysing som eventuelt blir vald, må påreknast auka kostnader, truleg med verknad frå andre halvår 2027 og med full verknad frå 2028.

IKAMR har samstundes varsla at det kan bli nødvendig med mellombelse løysingar dersom nye lokale ikkje står klare innan utløpet av dagens leigeavtale. Selskapet har opplyst at dette truleg vil medføre auka kostnader frå andre halvår 2027 og full kostnadseffekt frå 2028.

Saka blir lagd fram for kommunestyret for å gi kommunen sin representant eit avklart mandat før vidare behandling i representantskapet. Saka gjeld ikkje godkjenning av konkret kontrakt, bygg eller leverandør, men at ei ny bygningsløysing kan få økonomiske konsekvensar for eigarkommunane gjennom framtidige bidrag til selskapet.

Kommunane har papirarkiv fordi dokumentasjon tidlegare vart oppretta og lagra på papir. Det er berre dei siste 10 åra at kommunane har vore full-elektroniske. Arkiva inneheld viktig dokumentasjon om kommunen sine avgjersle, tenester og lokal historie. Arbeidet med rydding og ordning av eldre papirarkiv har av økonomiske årsaker ofte ikkje vore prioritert, noko som har ført til store etterslep i mange kommunar.

Arkiva gir innbyggjarane moglegheit til å dokumentere sine rettar og interesser gjennom t.d. elevarkiv, barnevernsarkiv, helsestasjonsarkiv.

Papirarkiv som ikkje lenger er i aktiv bruk, blir overførte til depot for trygg langtidsbevaring. Dette sikrar at dokumentasjonen blir teke vare på og kan hentast fram ved behov for innsyn, dokumentasjon eller historisk forskning.

Eigna og godkjente lokale for arkivdepot er derfor ein viktig føresetnad for at eigarkommunane gjennom IKAMR skal kunne ivareta krav etter arkivregelverket.

Herøy kommune er på ROBEK, noko som får betydning for IKAMR.

Dersom eit interkommunalt selskap (IKS) etter lov om interkommunale selskap vedtek å ta opp lån eller inngå ein langsiktig leigeavtale, og ein av eigarkommunane er registrert i ROBEK, skal Statsforvaltaren godkjenne vedtaket til selskapet om dette, jf. IKS-lova § 22 a.

Myndigheita ligg hos Statsforvaltaren i det fylket der selskapet har hovudkontoret sitt. Dette gjeld berre dersom selskapet utelukkande har kommunar som deltakarar.

Dersom selskapet har ein eller fleire fylkeskommunar som deltakarar, skal godkjenninga gjevast av departementet, jf. departementet sitt [*rundskriv H-2/00*](#).

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer at det er nødvendig å arbeide vidare med ny bygningsløyising for å sikre forsvarleg og føreseieleg drift av IKAMR. Eigna lokale er ein føresetnad for at eigarkommunane gjennom selskapet kan ivareta lovpålagde oppgåver etter arkivregelverket.

Det er lagt opp til ein strukturert anskaffingsprosess med konkurranse, forhandlingar og forprosjektfase, noko som gir grunnlag for å vurdere både kvalitet, kostnader og gjennomføringsevne før endeleg val av løysing.

Kommunedirektøren legg vidare til grunn at også ei vidareføring av dagens situasjon, eller bruk av mellombelse løysingar, kan medføre auka kostnader og risiko. Saka handlar difor ikkje berre om kostnadsnivå, men om korleis framtidige utfordringar best kan handterast.

På dette tidspunktet handlar saka om å sikre vidare framdrift og gi kommunen sin representant mandat til å støtte prosessen innanfor dei økonomiske rammene som er skisserte. Kommunen tek ikkje stilling til val av konkret bygg eller leverandør.

På denne bakgrunnen tilrår kommunedirektøren at kommunen sluttar seg til framlegget.

Trond Arne Rossi Aglen
Kommunedirektør